

GEORG HVISTENDAHL A.S.

BEFRAKTNING
ASSURANSE
AGENTUR
TELEFON ÅSGÅRDSTRAND 23

„FESKJÆR“ PR. ÅSGÅRDSTRAND,

K O P I .

Lysaker, 3. juni 1953.

Herr Georg Hvistendahl!

Eg kan ikke sjå at De har rett til å tolke vedtaka i statsråd 7. juni 1940 såleis som De gjer.

Sjølve resolusjonen synes meg klar nokk når han seier at Kongen, Kronprinsen og Regjeringa vil flytte bort til eit anna land. Legg merke til at det står "regjeringa", ikke "medlemmer av regjeringa". Med andre ord: det er institusjonen, den norske riksstyringa, som flytter bort og som vil halde fram med å væra regjering, regjering for Noreg, d. v. s. for eit sjølvstendig rike. Difor er det at bortflyttinga må bli grunngjeven med tilvising til grunnlova og til stortingsvedtaket frå 9 apr.

Den kungjeringa til det norske folket som vart vedteken i ~~samm~~ statsrådet, er så tydeleg i det ho seier om at Kongen og Regjeringa vil halde fram med striden for sjølvstendet utanlands, så ~~det~~ let seg ikkje borttolka. Når grunngjevinga til resolusjonen seier at det førebels er vonlaust for ~~Noreg~~ Noreg å halde fram med krigen, så var det ingen ting anna meint enn det som er sagt i kungjeringa, at Kongen og Regjeringa førebels måtte gje opp krigen innanlands. Kungjeringa låg ferdig føre i statsrådet da resolusjonen vart vedteken, ja var i røynda sett opp føre grunngjevinga til resolusjonen. (Understreket av G: H:)

General Ruge kapitulerte berre for den krigsmakta Noreg ~~inda~~ hadde innanlands. Når han i dagsordren sin frå 8 juni serskilt nemnde at nordmennene var med i krigen utafor Noreg, så var det fordi det var naudsynt å seia at Kongen og Regjeringa hadde norske stridsmakter med seg.

Den britiske regjeringa gav alt den 11. juni fråsegn i Parliamentet om at "Norway" ville halde fram med striden mot tyskane på nye fronter i samband med de Allierte.

Alt dette er det så god samanheng i, så ein kan ikkje rive ei einskild setning ut og gje ho ei motsatt tolking.

Vyrdamt

Halvdan Koht (sign.)

(Ovenstående er svar på G. H.'s notat av 23/3-48 : "Ad. statsrådet 7. juni 1940!")